

Bjørnafjorden kommune



BUDSJETT 2024

ØKONOMIPLAN

2024 - 2027



Ta heile kommunen i bruk!



Innhald

1. Innleiing	3
1.2 Samfunnsmål, visjon og verdiar:	4
2. Senterpartiet sitt mål/fokus for budsjettforslaget 2024:	4
3. Auka rammer, sektor for sektor:	5
3.1 Oppvekst og barnehage	6
3.1.1 Skulestruktur 8 mill.:	6
3.1.2 Auka rammer for skule/oppvekst 5 mill.	6
3.1.3 Kommunepsykolog vert oppretthalden 1 mill.	6
3.1.4 Torsdagsklubben 500 000:	6
3.1.5 Oppretthalda SFO i sommarferien 500 000	7
3.1.6 Oppretthalda kantinedrifta på ungdomskulane 100 000,-	7
3.2 Helse og omsorg	7
3.2.1 Legevaktteneste 6,5 mill.:	7
3.2.2 Oppretthalda kommunalt legevaktkontor i Eikelandssosen 4 mill.:	7
3.2.3 Crux vindfanget - vidareføra tiltaket etter 1.1.2025 1,5 mill.:	7
4.2 Samfunn	8
4.2.1 Brannvaktordning i Eikelandssosen vert oppretthalden 0,9 mill.:	8
4.2.2 Terapibasseng på Luranetunet 0,25 mill.:	8
4.2.3 Vintervedlikehald veg 1 mill.:	8
4.2.4 Skulestruktur drift 1 675 000 mill.	8
4 Tabell over auka rammer i perioden 2024 til 2028:	9
4.1 Driftsbudsjett totaloversikt	10
4.2 Auka inntekter -oversikt	11
4.3 Nye rammer etter budsjettendringar frå Senterpartiet:	11
4.4 Bruk av fond	12
4.5 Utgreie potensialet av eigedomskatt – "må snu alle steinar"	12
5 Investeringsbudsjett	12
6 Forslag til vedtak	13
7 Verbalforslag	13

1. Innleiing

1.1. Senterpartiet sitt forslag til kommunebudsjett 2024 for Bjørnafjorden kommune og økonomiplan for 2024 -2027.

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i kommunedirektøren sitt samla budsjettdokument lagt fram 23.10.23 i kommunestyret. Endringsframlegg eller føringar i høve kommunedirektørens budsjettdokument er kommentert nærare under.

Neste år og åra fram mot 2028, vil vera både krevjande og tøffe økonomiske år for Bjørnafjorden kommune. Innbyggjarane og tilsette vil merka endra tenestenivå og korleis ein løyser oppgåvene framover. Det må arbeidast godt for å finna rett tenestenivå til innbyggjarane. Kommunen må få kontroll på utgiftene, samtidig som inntektene til kommunen må aukast.

Samarbeid og samhandling med frivillig sektor må vidareutviklast. Ein må bygga fellesskap og prøva å skapa felles plattform for alle innbyggjarane i heile kommunen. Senterpartiet meiner det gjer ein best ved å ta alle på alvor, - uansett kor ein bur i Bjørnafjorden kommune.

Ressursane og resultata kjem ved å skapa både i lag, - og på lag. Samfunnsplanen for Bjørnafjorden seier noko om dette. Den vart vedteke hausten 2022. La oss aktiv bruka denne planen som styringsverktøy i dei kommande åra.

Vi veit det tar tid å byggja ein kommune med felles kultur og identitet. Kommunevalperioden 2023-2027 er eit nytt steg på denne vegen. Det er særst viktig at vi klarer å utvikla **heile** kommunen for å nå mål om:

"Det gode liv for alle".

Skal ein lukkast med å ta eit steg vidare med Bjørnafjorden kommune, må ein vera bevisst på å ta heile den flotte kommunen i bruk. Gode grunnleggjande tenester på begge sider av fjorden er noko av det som må ligga i botn. Dette med bakgrunn i lange avstandar og fjorden som deler kommunen.

Utviklinga av kommunen vår og lokalsamfunna i sær, er eit felles ansvar – eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, tilsette, politikarar og andre samfunnsaktørar er nødvendig og avgjerande for å komme oss vidare med Bjørnafjorden kommune.

1.2 Samfunnsmål, visjon og verdier:

Senterpartiet vil minna om Bjørnafjorden kommune **sitt samfunnsmål, sin visjon og sine verdier**. Desse retningane er viktige å styra etter i denne 4-årsperioden.

Samfunnsmål: **DET GODE LIV FOR ALLE!**

Visjon (kva vil oppnå): **EIT RAUST OG ATTRAKTIVT LOKALSAMFUNN MED EVNE OG VILJE TIL NYSKAPING.**

Verdier:

- Vi lyttar med respekt**
- Vi er inkluderande**
- Vi finn smarte løysingar**
- Vi gjer det vi seier**

2. Senterpartiet sitt mål/fokus for budsjettforslaget 2024:

- 1) Balanse i økonomien innan 2027, - helst utan bruk av eigedomskatt
- 2) Arbeide for å bygga eit fellesskap og gode tenester i **heile** kommunen
- 3) Godt ytringsklima, samt opne og ryddige arbeidsforhold for alle tilsette
- 4) Forutsigbart, effektivt og godt planarbeid, samt sikker og god drift av kommunen

Kommunedirektøren sine framlegg til budsjett både i 2023 og 2024, og kommunedirektøren sin økonomiplan for 2024-2027, viser alvoret og den økonomiske utfordringa kommunen står i.

I 2022 skreiv kommunedirektøren " *Vi må komme dit at vi har ei drift kor utgiftene ikkje er større enn inntektene*". I dag skriv han at han ser for seg at ein alt i 2028 vil kunne komme i økonomisk balanse utan bruk av eigedomskatt.

Senterpartiet registrer at kommunedirektøren i år meiner at han legg fram eit realistisk budsjett, men med tøffe økonomiske rammer. Han salderer budsjettet med alvorlege trekk på tenestene og tenestenivået, samt brukar han av oppsparte midlar i fond (pensjonsfond). Han skriv at det vil smerte, og vi må slutte med ting, - men legg til, det er mogeleg å få budsjettet i balanse.

Senterpartiet er sværs uroleg for at dette vert alt for tøft. Vi er i stor tvil om vi klarer å oppretthalde lovpålagte tenester. Og er uroa for at intensjonen om å ta heile kommunen i bruk, vert prioritert bort. Det er svært viktig for Senterpartiet at ein har fokus på heile kommunen. Derfor meiner SP at vi må vi sjå etter anna inntekspotensial enn det som ligg i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett og økonomiplan, samt justere noko av dei økonomiske rammene, særleg innan oppvekst og helse.

3. Auka rammer, sektor for sektor:

For å imøtekomme noko av uroa, vel SP å gjera nokre endringar i høve budsjettet til kommunaldirektøren, mellom anna følgjande:

Endra rammer	2024	2025
Fellesområde	0	0
<i>Stab</i>	0	0
<i>Oppvekst</i>		
Ingen endring i skulestruktur	4 000 000	8 810 000
Generell auka rammer skule/oppvekst	2 500 000	5 000 000
Oppretthalda kommunepsykolog	630 000	1 000 000
Oppretthalda "Torsdagskulen"	500 000	500 000
Oppretthalda ferieope SFO	230 000	500 000
Oppretthalda kantinedrifta på ungdomskulane	100 000	100 000
Delsum oppvekst	7 960 000	15 910 000
Helse og omsorg		
Legevakttenesta i Eikelandsosen	4 900 000	6 500 000
Kommunalt legevaktkontor i Eikelandsosen	2 000 000	4 000 000
Crux vindfanget	0	1 500 000
Delsum Helse og omsorg	6 900 000	12 000 000
Samfunn		
Brannvaktordning	900 000	900 000
Terapibasseng	250 000	250 000
Skulestruktur drift	840 000	1 675 000
Vintervedlikehald av veg	1 000 000	1 000 000
Delsum Samfunn	2 990 000	3 825 000
Totalt – auka kostnader vis a vis kommunedirektøren	17 850 000	31 735 000

3.1 Oppvekst og barnehage

3.1.1 Skulestruktur

8 mill.:

Kommunedirektøren legg fram forslag om å leggje ned 3 skular frå hausten 2024. Dette er i samsvar med forslaget i rapport om framtidig skulestruktur i Bjørnafjorden som blir lagt fram for kommunestyret 26.10.23.

Senterpartiet vil oppretthalda skulestrukturen. Vi meiner skulane, saman med barnehagane er viktige for å skape vekst, utvikling og aktivitet i heile kommunen. Skule i nærmiljøet er avgjerande for gode oppvekstmiljø, framtidstru og busetnad. Barnefamiljar og næringsliv etablerer seg helst i lokalsamfunn med skular og barnehagar. Den verdiskapinga dette tilfører kommunen er viktig å ta vare på.

3.1.2 Auka rammer for skule/oppvekst

5 mill.

I lang tid har kommunen drifta skulane billigare enn nabokommunane, det har vært stramme rammer innanfor skuleområdet og spelerommet dei har er lite. Dette ønsker Senterpartiet å gjere noko med, vi vil derfor auke rammene for skuleområdet slik at handlingsrommet for det arbeidet dei gjer vert litt større.

3.1.3 Kommunepsykolog vert oppretthalden

1 mill.

Senterpartiet ynskjer å vidareføra to kommunepsykologar til born og unge. Vi trur å ta vekk ein psykologstilling vil verta for utfordrande. Både med tanke på arbeidsmiljø, fagleg fellesskap og arbeidsbelastning. Å komme tidleg inn med hjelp til dei borna som treng det, - i ei elles sårbar tid, er viktig. Lett tilgjengeleg og tidleg innsats kan vera med å forebygge vanskelegare situasjonar for dei borna det gjeld.

Ved sjukdom og fråvær vil ikkje kommunen ha eit reelt kommunepsykologtilbod.

3.1.4 Torsdagsklubben

500 000:

Barna som er på torsdagsgruppa har særskilde behov og vi veit at vennskap oppstår på tvers av skular. Å få gode opplevingar saman med andre med like utfordringar og behov, styrkjer kjensla av fellesskap, og er med på å betra skulekvardagen for ei sårbar gruppe. Senterpartiet ønskjer ikkje at borna skal miste dette tilbodet.

3.1.5 Oppretthalda SFO i sommarferien 500 000

Ferieope SFO er eit tilbod som mange foreldre er heilt avhengige av for å få skuleferiane til å «gå opp». Konsekvensen for dei som ikkje har mogelegheit for å arrangere pass med vener eller familie er svært stor, og kan i tillegg til reduserte skatteinntekter til kommunen, gå ut over arbeidet til kommunen sine egne tilsette som må ta fri utan løn i periodar.

3.1.6 Oppretthalda kantinedrifta på ungdomskulane 100 000,-

Sp meiner det ikkje ønskeleg å leggje ned drift av kantine. Det er mange barn som ikkje tek med niste, desse vil då stå utan tilbod om å kjøpe måltid på skulen. Konsekvens av dette kan vera at dei får dårlegare utbytte av skuledagen. I tillegg er kantina på ungdomskulen eit godt og viktig trivselstiltak.

3.2 Helse og omsorg

3.2.1 Legevaktteneste 6,5 mill.:

Legevakta i Eikelandssosen er naudsynt beredskap for innbyggjarane på austsida av kommunen. Tenesta fungerer svært godt og gjev tryggleik til innbyggjarane på lik linje som legevakta på Moberg gjev tryggleik for innbyggjarane i vest. Tenesta er og viktig for nabokommunane. Det gjeld spesielt Samnanger som har Eikelandssosen som si primærlegevakt.

Senterpartiet ønskjer å oppretthalda legevakta og har lagt inn 6,5 millionar til dette.

3.2.2 Oppretthalda kommunalt legevaktkontor i Eikelandssosen 4 mill.:

Senterpartiet ser det som viktig å oppretthalda kommunalt legevaktkontor i Eikelandssosen for å halde på den stabiliteten ein no har, og for å sikre fastlegedekning for innbyggjarane på austsida av Bjørnafjorden.

3.2.3 Crux vindfanget - vidareføra tiltaket etter 1.1.2025 1,5 mill.:

Senterpartiet ønsker å oppretthalda tilskotet til Crux. Vi ser at dei er ein viktig bidragsytar innanfor kvalifiseringsprogrammet og det arbeidet dei her gjer. Senterpartiet meiner dette er ein vinn/vinn situasjon for kommunen og brukarane.

4.2 Samfunn

4.2.1 Brannvaktordning i Eikelandssosen vert oppretthalden 0,9 mill.:

Vaktlagsordning for heilt vaktlag er viktig for beredskapen på austsida av kommunen. Berre slik kan ein garantera at dei rette ressursane blir sendt ut til ei hending, alle dagar i året. Denne ordninga er avgjerande for ei sikker brann- og redningsteneste til innbyggjarane på austsida av fjorden, - men og for at dei tilsette i tenesta skal ha ordna arbeidsforhold.

SP ønskjer å oppretthalda ei forsvarleg brann og redningsordning med føreseieleg vaktlagsordning for dei tilsette.

4.2.2 Terapibasseng på Luranetunet 0,25 mill.:

Senterpartiet meiner dei negative konsekvensane vert for stor for brukarane for denne tenesta. Reduksjon av terapibassengdrifta vil gjera at frisklivstilbodet for betre fungerande grupper, også vert redusert.

Ei nedlegging av tilbod i Eikelandssosen vil gjera at det blir lang reiseveg til moglege alternative tilbod. Konsekvensen kan verte at de som bruker bassenga i dag vil få raskare negativ utvikling av helseutfordringane, noko som vil medføra at de får eit større behov for andre helsetenester i kommunen.

Å ha terapibasseng tilgjengeleg både på Luranetunet og i Eikelandssosen er god førebygging både fysisk og psykisk helse for mange. Vi veit og at terapibassenget vert nytta til ekstra symjeopplæring til barn. Senterpartiet legg inn nokre midlar til dette kombinert med auka eigenbetaling.

4.2.3 Vintervedlikehald veg 1 mill.:

Senterpartiet vektlegg at ein har forsvarleg vintervedlikehald i heile kommunen og set derfor av 1 millionar ekstra til brøyting og strøing i vinterhalvåret. Det vil og vera med å redusere trafikkulykker, samt sikrare framkomst for mellom anna naudetatane.

4.2.4 Skulestruktur drift 1 675 000 mill.

Samfunnsutvikling ved Eigedom drift vil spare utgifter til straum, kommunale avgifter og vaktmeister/vedlikehald. Dette er omtala under samfunnsutvikling. Eit samla bilete av innsparingane ligg i rapporten. Senterpartiet legg desse midlane inn i budsjettet.

4 Tabell over auka rammer i perioden 2024 til 2028:

Auka rammer				
	2024	2025	2026	2027
Oppvekst				
Skulestruktur - ingen endring	4 000 000	8 810 000	8 810 000	8 810 000
Auka rammer oppvekst	2 500 000	5 000 000	10 000 000	10 000 000
"Torsdagsklubben"	500 000	500 000	500 000	500 000
Oppretthalda psykologstilling	630 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppretthalda ferieope SFO.	230 000	500 000	500 000	500 000
Skulekantine oppretthalda	100 000	100 000	100 000	100 000
Helse				
Legevakt Eikelandsosen	4 900 000	6 500 000	6 500 000	6 500 000
Kommunalt legevaktkontor oppretthalda	2 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Crux Vindfanget		1 500 000	1 500 000	1 500 000
Samfunn				
Skulestruktur - drift	840 000	1 675 000	1 675 000	1 675 000
Brannvaktordning - Eikelandsosen	900 000	900 000	900 000	900 000
Terapibasseng	250 000	250 000	250 000	250 000
Vintervedlikehold	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Stab	0	0	0	0
Felles	0	0	0	0
Total	17 850 000	31 735 000	36 735 000	36 735 000

4.1 Driftsbudsjett totaloversikt

Dei auka kostnadene vil verta justert ved meir bruk av fond, auka skatteinnngang, redusert rente og avdrag på lån, reduserte overføringar og evt. innføring av ein moderat eigedomskatt i 2026/2027, med intensjon om å avvikla eigedomskatten innan 2030.

Tiltak	2024	2025	2026	2027
Frie/ ekstrainntekter/fond				
Havbruksfondet - auka inntekter	- 7 000 000	- 4 000 000	- 7 000 000	- 4 000 000
Auka skatteinntekter	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
Inntrekk overføring - Oseana	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
Eigedomskatt			-15 000 000	-15 000 000
<i>Delsum</i>	- 13 000 000	- 10 000 000	- 28 000 000	- 25 000 000
Fellesområde				
<i>Delsum</i>	-	-	-	-
Stab				
<i>Delsum</i>	-	-	-	-
Oppvekst				
Oppretthalda skulestruktur	4 000 000	8 810 000	8 810 000	8 810 000
Auka rammer til skule/barnehage	2 500 000	5 000 000	10 000 000	10 000 000
Oppretthalda Torsdagsklubben i skulen	500 000	500 000	500 000	500 000
Oppretthalda Kommunepsykolog	630 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppretthalda SFO i sommaferien	230 000	500 000	500 000	500 000
Oppretthalda kantinedrifta på ungdomskulen	100 000	100 000	100 000	100 000
<i>Delsum oppvekst</i>	7 960 000	15 910 000	20 910 000	20 910 000
Helse og velferd				
Oppretthalda Legevakta på begge sider av fjorden	4 900 000	6 500 000	6 500 000	6 500 000
Oppretthalda kommunalt legevaktkontor	2 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Crux Vindfanget	-	1 500 000	1 500 000	1 500 000
<i>Delsum helse og velferd</i>	6 900 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Samfunnsutvikling				
Skulestruktur - drift	840 000	1 675 000	1 675 000	1 675 000
Oppretthalde brannvernordning i Eikelandsosen	900 000	900 000	900 000	900 000
Oppretthalda Terapibassenget på Luranetunet – Auke brukerbetaling	250 000	250 000	250 000	250 000
Auka pris på bubil og gjestehamn (kr 275 til kr500)	- 400 000	- 400 000	- 400 000	- 400 000
Auke i gebyr meklarpakke	- 500 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000
Vintervedlikehald	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<i>Delsum samfunnsutvikling</i>	2 090 000	2 825 000	2 825 000	2 825 000
Finans				
Auka utbytte	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000
Reduserte renteutgifter og avdrag	- 2 300 000	- 2 300 000	- 2 300 000	- 2 300 000
<i>Delsum</i>	- 4 300 000	- 4 300 000	- 4 300 000	- 4 300 000
Sum endringer				
Totalt auka rammer etter endringar	16 950 000	30 735 000	35 735 000	35 735 000
Auka inntekter / Frie inntekter	- 13 000 000	- 10 000 000	- 28 000 000	- 25 000 000
Auka inntekter / Finans	- 4 300 000	- 4 300 000	- 4 300 000	- 4 300 000
Auka bruka av pensjonsfond	-	- 20 000 000	- 7 000 000	- 10 000 000
Til avsetning	- 350 000	- 3 565 000	- 3 565 000	- 3 565 000

4.2 Auka inntekter -oversikt

Auka inntekter				
	2024	2025	2026	2027
Frie inntekter/ekstra inntekter/fond				
Havbruksfondet - auka inntekter	7 000 000	4 000 000	7 000 000	4 000 000
Auka skatteinngang	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Eigedomskatt			15 000 000	15 000 000
Auka bruk av premiefond pensjon		20 000 000	7 000 000	10 000 000
Auka utbytte	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Reduserte renteutgifter og avdrag	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000
Inntrekk overføring Oseana	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Auka pris på bubil og gjestehamn	400 000	400 000	400 000	400 000
Auka i gebyr meglarpakke	500 000	600 000	600 000	600 000
	-17 300 000	- 34 300 000	-39 300 000	-38 300 000

4.3 Nye rammer etter budsjettendringar frå Senterpartiet:

	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
Fellesområde	15 690 000	45 635 000	60 909 000	65 367 000
Stab	54 278 000	54 278 000	54 278 000	54 278 000
Oppvekst	831 856 000	821 826 000	814 636 000	802 316 000
Helse og velferd	715 714 000	700 494 000	700 094 000	699 694 000
Samfunnsutvikling	64 347 000	62 554 000	61 529 000	60 389 000
Sum	1 681 885 000	1 684 787 000	1 691 446 000	1 682 044 000

4.4 Bruk av fond

Premiefond				
	2024	2025	2026	2027
Fondsbruk innstilling	65 801 000	37 296 000	20 582 000	17 564 000
Saldo år 1.1.	202 899 000	137 098 000	83 367 000	59 350 000
SP`s bruk av premiefond		20 000 000	7 000 000	10 000 000
Totalt forbruk av fond	65 801 000	57 296 000	27 582 000	27 564 000
Saldo premiefond 31.12.	137 000 000	79 802 000	55 785 000	31 786 000
Avsetning	350 000	3 565 000	3 565 000	3 565 000
Saldo totalt etter avsetning	137 350 000	83 367 000	59 350 000	35 351 000

4.5 Utgreie potensialet av eigedomskatt - "må snu alle steinar"

Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreia mogelegheitene som ligg i inntekstpotensiale ved å ta inn eigedomskatt i Bjørnafjorden kommune. Senterpartiet skulle helst sett at det ikkje er nødvendig, men slik den økonomiske situasjonen er akkurat no, ser vi ingen anna utveg enn å sjå nærare på dette verktøyet.

5 Investeringsbudsjett

Senterpartiet har følgjande endringar i høve kommunedirektøren sitt forslag til investeringsbudsjett.

Investeringer				
	2024	2025	2026	2027
Hjelpemiddellager/base heimetenester	43 000 000	5 000 000		
Rullande materiall	8 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Microhus	- 1 900 000			
Omsorg+			5 000 000	5 000 000

Senterpartiet har tatt ut kostnader med nytt bygg for Hjelpemiddellager/base for heimetenester i denne økonomiplanperioden. Det same gjelder rullande materiell. Det vert vurdert på nytt ved neste rullering av økonomiplanen i 2024.

Elles er det lagt inn ekstrakostnaden i samband med Microhus på Moberg. Den vart vedteke i formannskapet hausten 2023.

I tillegg har vi i slutten av perioden har vi lagt inn 10 millionar over 2 år til prosjekt omsorg+.

6 Forslag til vedtak

Bjørnefjorden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2024/økonomiplan 2024 – 2027, justert med endringane i dette dokumentet.

7 Verbalforslag

7.1 Eit steg vidare for Bjørnafjorden kommune

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om korleis ein kan gjennomføra samfunnsplanen sin intensjon om innbyggjarmedverknad:

Aktuelle tema kan vera:

- Korleis leggja til rette for at folk kan trivast i heile kommunen.
- Korleis skapa større fellesskap, samhandling og forståing mellom innbyggjarane i Bjørnafjorden.
- Gode vegar og kommunikasjon som bind kommunen saman.
- Korleis involvera innbyggjarane til å vera med og ta ansvar for sitt nærområde og sambygdingar.
- Korleis kan ein utvikla lokale ressursar og eigenart, og bruka desse resursane til det beste for alle.
- Kva er det som samlar innbyggjarane?

Sidan kommunen vår er sett saman av to geografisk/demografisk ulike kommunar med ulike tradisjonar for samhandling, er det viktig med fellesprosjekt og møteplassar på begge sider av fjorden

7.2 Utgreia potensiale eigedomskatt

Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreia mogelegheitene som ligg i inntekspotensiale for eigedomskatt i Bjørnafjorden kommune.

7.3 Fasilitere et interimsstyre for Amatørkulturråd i Bjørnafjorden kommune

Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå om det er mogeleg å fasilitere for eit interimsstyre for et Amatørkulturråd etter same lest som for idrettsrådet, jfr Amatørkulturråd på Askøy t.d. Amatørkulturrådet skal vera eit frivillig, partipolitisk nøytralt og uavhengig organ. Intensjon er med amatørkulturrådet er mellom anna å styrke samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet.

7.4. Arealrekneskap

Kommunestyret minner kommunedirektøren på vedtak i budsjettet for 2021 kor ein stadfesta at kommunedirektøren kvart år tar inn i årsmeldinga ei oversikt over kor mykje dyrka jord som er omdisponert i kommunen siste år. Eit fullverdig arealrekneskap må rapporterast i kvar tertialrapport. I nasjonal jordvernstrategi er det fastsett eit mål om at den årlege omdisponering av dyrka jord på landsbasis må vere under 3000 dekar innan 2025.

Jordvern handlar om meir enn å telje dekar tapt jord. Det kan vere like viktig å tenkje korleis strukturen blir for dei areala som skal drivast vidare og gi grunnlag for vidare matproduksjon. Etablering av langsiktige og klare grenser, slik at landbruksnæringa kan tenkje langsiktig, er viktige grep i arealplanlegginga.

7.5 Legevakta i Eikelandssosen

Legevakta i Eikelandssosen er naudsynt beredskap for innbyggjarane på austsida av kommunen. Tenesta fungerer svært godt og gjev trygghet til innbyggjarane på lik linje som legevakta på Moberg gjev trygghet for innbyggjarane i vest. Tenesta er og viktig for nabokommunane og spesielt Samnanger som har Eikelandssosen som si primærlegevakt.

Forslag til vedtak: Kommunestyret ber kommunedirektøren organisere eit arbeid som ser på kva mogelegheiter legevakttenesta på begge sider av fjorden har for å effektivisera drifta og ta ned kostnadane.

Dei skal også undersøka om fleire enn Samnanger vil nytta seg av tenestene til Eikelandssosen legevakt, eksempelvis delar av Kvam, Kvinnherad og Tysnes. Alle tilsette i legevakttenesta skal få mogelegheit til å medverka i prosjektet. Resultatet av arbeidet blir lagt fram for kommunestyret før sommar 2024.

7.6 Landbruksplan – ferdigstilling.

Kommunestyret minner kommunedirektøren om forventningar som er skapt om at landbruksplanen for Bjørnafjorden kommune vert lagt fram til politisk handsaming innan utgangen av mars månad 2024 og endeleg handsaming i kommunestyret same år.

7.7 Ferieope tilbod SFO ved skulane

Ferieope SFO er eit tilbod som mange foreldre er heilt avhengige av for å få skuleferiane til å «gå opp». Konsekvensen for dei som ikkje har mogelegheit for å arrangere pass med vener eller familie er svært stor, og kan i tillegg til reduserte

skatteinntekter til kommunen gå ut over arbeidet til kommunen sine egne tilsette som må ta fri utan løn i periodar.

Forslag til vedtak: Kommunestyret ber kommunedirektøren sjå på løysningar for ferieope SFO. Kommunedirektøren skal sjå på andre løysningar for å behalda feireope SFO. Ein bør undersøke om det er mogeleg å få til eit samarbeid med dei private skulane/barnehagane på aust- og vestsida. Noko som kan letta organiseringa til kommunen. Ein ber om at ei sak vert fremma for tenesteutvalet/formannskap innan mai 2024.

7.8 Brann vaktlagsordning i Eikelandsosen

Endring av vaktlagsordning ved Eikelandsosen Brannstasjon

Vaktlagsordning for heilt vaktlag er viktig for beredskapen på austsida av kommunen. Berre då kan ein garantera at dei rette ressursane blir sendt ut til ei hending, alle dagar i året. Det er noko uklart kva som er fakta i saka. ROS analysen er lagt ved saka, men denne har ikkje vore på høyring og er såleis ikkje kvalitetssikra. Det er også usikkert kor mange av mannskapa som blir med vidare dersom ein vel å endre ordninga då dette ikkje er gjort greie for. Å få tak i nye mannskap er kostbart og det er ikkje sikkert dei finns i nærområdet. Som opplyst om i formannskapsmøte, vil ein måtte bruke første halvdel av 2024 på endringa og innsparinga som var førespegla blir halvert. Det er også opplyst om at dette skapar uro i organisasjonen då ein har lagt mykje arbeid ned i å få dagens ordning til å fungere. Det er uavhengig av lovkrav ikkje noko grunn til at innbyggjarane på austsida av kommunen skal ha ein dårlegare beredskap enn kva vestsida har – dette er viktig i arbeidet med å knyte dei to delane av kommunen tettare saman.

Forslag til vedtak: Vaktlagsordninga ved Eikelandsosen Brannstasjon består slik den er i dag. Saman med mannskapa skal leiar samfunnsutvikling setje i gong eit arbeid der ein skal sjå på kva tiltak som kan bidra til å ta ned kostnadane i drifta ytterlegare. Resultatet av arbeidet blir lagt fram for kommunestyret før sommar 2024.